



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval:	Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing
Møtestad:	Boknahåve
Dato:	09.03.2026
Tid:	Kl. 16:30-17.00

Følgande medlemmer møtte Parti

Arvid Jensen

Ann-Kristin Grønnestad AP

Arne Hosaas AP

Ingrid Kallevik Våge H

Sigmund Alvestad KRF

Merknadar til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Ingrid Kallevik Våge og Arne Hosaas

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
006/26	Godkjenning av innkalling
007/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
008/26	Samlesak for høyringar
008/26.1	Høyring - detaljregulering 202401 - Fv. 4762 Bokn arena - Føresvik til Eldreråd/råd for personar med funksjonsnedsetjing
009/26	Eventuelt og spørsmål

006/26 Godkjenning av innkalling

09.03.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

ERPF - 006/26 Vedtak

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

007/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

09.03.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

ERPF - 007/26 Vedtak

Møteprotokollen vart godkjent. Ingrid Kallevik Våge og Arne Hosaas vart vald til å signere.

008/26 Samlesak for høyringar

09.03.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

ERPF - 008/26 Vedtak

008/26.1 Høyring - detaljregulering 202401 - Fv. 4762 Bokn arena - Føresvik til Eldreråd/råd for personar med funksjonsnedsetjing

09.03.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

Kommunalsjef teknisk orienterte om saka.

Reguleringsplanen ligg ute til høyring med frist 30.03.2026, og etter planen skal den kunne vedtas før sommaren. Då prosjektet er ein del av Haugalandspakken er vegen fullfinansiert, mens VA som skal

leggst under vegen er ein kostnad som ligger i budsjettet til kommunen. Dette blir ein viktig innfartsveg som har mykje å seie for utbygging og for Holmen og Nye Holmen.

Sigmund Alvestad stiller spørsmål om kostnader personar med privat veg/innkjørsel som blir berørt av arbeidet. Av dei som blir berørt vil prosjektet stå for kostnaden.

Ingrid Kallevik Våge stiller spørsmål kring universell utforming. Dette er ikkje gjort rede for i ein reguleringsplan, men som skal utarbeidast på best mogleg måte.

Arne Hosaas stiller spørsmål kring auka trafikk og tungtrafikk ift Port 5561 og den nye vegen.

Kommunalsjef teknisk informerer om at hamna ikkje skal påverke trafikken forbi, og planen er bruk av sjøvegen og båttrafikk.

ERPF - 008/26.1 Vedtak

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing tek informasjonen til orientering.

009/26 Eventuelt og spørsmål

09.03.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

Arne Hosaas orienterer om konferanse for kommunale eldreråd. Han orienterer i neste møte om kva som blir drøfta der.

Kommunalsjef helse- og omsorg orienterer om at 'Gamingrommet' har fått namn 'Kystkuben' og det skal vere offisiell opning 18.3.26, klokka 17.00 - Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing er inviterte.

ERPF - 009/26 Vedtak

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing tek informasjonen til orientering.